

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FA-U62  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 18.02.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
008/21	Utval for helse og omsorg	09.03.2021

### **Søknad om salsløyve alkohol - netthandel - Coop Hordaland**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

I medhald av Alkohollova og Alver kommune sin alkoholpolitiske plan får Coop Hordaland, Obs Horisont, Myrdalsvegen 6 5130 Nyborg, org. nr 982 594 421 salsløyve til netthandel for alkoholhaldig drikk gruppe 1 fram til 30.09.24.

Gjertrud Aalmo er styrar for salsløyve og Eirik Hausberg er avløyssar for styrar.

Sal og utlevering følgjer vedteken Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider for Alver kommune.

Alver kommune skal ha tilgang til mottaks/utleveringskvittering i minst 12 mnd etter utlevering.

Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune rapport på utlevert mengd alkohol innan 01.mars kvart år.

Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommune som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klageadgang: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningsloven § 29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

### **Utval for helse og omsorg 09.03.2021:**

#### **Handsaming:**

Utvalet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak med 4 mot 3 røyster.

Følgjande utgjorde fleirtalet: Ståle Hauge-AP, Kirsti Gjetle Floen-AP, Roy Bø-UAVH, Hendrik Weber-Raudt. May-Irene Wergeland-SP, Sølvi Knudsen-SP, Else Marie Skartveit Dale-KRF utgjorde mindretallet.

#### **HO- 008/21 Vedtak:**

I medhald av Alkohollova og Alver kommune sin alkoholpolitiske plan får Coop Hordaland, Obs Horisont, Myrdalsvegen 6 5130 Nyborg, org. nr 982 594 421 salsløyve til netthandel for alkoholhaldig drikk gruppe 1 fram til 30.09.24.

Gjertrud Aalmo er styrar for salsløyve og Eirik Hausberg er avløyssar for styrar.

Sal og utlevering følgjer vedteken Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider for Alver kommune.

Alver kommune skal ha tilgang til mottaks/utleveringskvittering i minst 12 mnd etter utlevering.

Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune rapport på utlevert mengd alkohol innan 01.mars kvart år. Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommune som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klageadgang: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningsloven § 29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i utval for helse og omsorg.

### **Bakgrunn**

Coop Hordaland SA har søkt om salsløyve for alkohol i gr. 1 – netthandel. Søkjar har starta opp med Coop heimlevering for å gje eit tilbod av daglegvarer til kundar som er forhindra frå å handle fysisk i butikk grunna sjukdom/smitte eller som er i riskogruppe og fryktar smitte.

### **Saksopplysningar:**

Alkoholova opnar for at det kan gjevast løyve til nettsal for alkoholhaldig drikk gruppe 1. Løyvet må vera knytt til eit bestemt lokale og ein bestemt type virksomheit. Ved nettsal må virksomheita ha løyve i alle dei kommunane alkoholhaldig drikk skal utleverast til.

Coop Hordaland SA driv eit tradisjonelt nettsalskonsept der kunden plukker varer frå ei nettside og varene vert «plukka» og pakka ved Coop Obs Horisont i Åsane og frakta heim til kunden av Bring. Dei brukar eit digitalt system for kontroll alderskrav, salstider og utlevering til synleg rusa personar ved heimlevering – vedlagt rutinebeskrivelse.

Utfordringa ved denne salsforma er kontroll ved utlevering av varene. Dette gjeld særleg sal og utlevering alkoholhaldig drikk i høve alderskrav, salstider og forbodet mot sal/utlevering av alkoholhaldig drikk til synleg rusa personar.

Ansaret ligg hos løyvehavar å sjå til at lov og forskrift til ei kvar tid vert følgd.

Søkjar har utarbeidd internkontrollrutinar som inneber mellom anna opplæring av dei tilsette og distributør, samt bruk av elektronisk registrering og signatur av all alkoholsal.

Kommunane har inga særskilt forskrift om korleis nettsalsløyve skal kontrollerast.

Ved kontroll må kontrollørane sjekka at løyvehavar følgjer eigne internkontrollrutinar og føreta stikkprøvekontrollar av enkeltstående utleveringar av alkoholvarer.

Alkoholova § 3-2 opnar for at kommunen kan sette vilkår for eit salsløyve for alkohol så lenge det er sakleg argumentert og ikkje er uforholdsmessig tyngande, eller av andre grunnar urimelig.

Alver kommune skal ha tilgang til mottaks/ utleverigskvittering i minst 12 mnd etter utlevering.

Dette for å sikra at kommunen kan utføre naudsynt kontroll av alkoholsalet.

Alver kommune har løyveperiodar på inntil 4 år for sal og skjenking, med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer (alkoholova § 1- 6)

Coop Hordaland SA har ikkje søkt om eit tidsavgrensa nettsalsløyve og vert difor innstilt med løyveperiode til 30.09.24.

Søknaden har vore til uttale hjå politi, NAV sosial og Skatteetaten som har ingen merknader til salsløyvet.

Styrar for salsløyvet og avløyser for styrar har bestått kunnskapsprøven i samsvar med Alkoholova § 1-7 c

Når vilkår etter alkoholova er infridd er det opp til kommunens frie skjønn å avgjera om løyve skal gjevast Alkoholova §1-7 a, «Ved vurderingen av om bevilling bør gis, kan kommunen blant annet legge vekt på antallet salgs- og skjenkesteder, stedets karakter, beliggenhet, målgruppe, trafikk- og ordensmessige forhold, næringspolitiske hensyn og hensynet til lokalmiljøet for øvrig»

Ei evt avgjerd etter Alkoholova §1-7 a må treffast på eit sakleg grunnlag.

Søknaden vert tilrådd innvillga.

**Vedlegg i saken:**

22.02.2021	Coop Hjemlevering	1515440
22.02.2021	Rutinebeskrivelse for sosialkontroll + ID-kontroll ved utlevering av alkohol	1515441